

## **ODDEN**

Høgdemeter over havet: 600 m

Lengde: 6 km

Stigning: 625 m

Tid: 2-3 timar ein veg frå Spildo- 30/40 min frå Dike

Gradering: Middels

**Vegskildring:** Turen startar på Spildo i Øvre Granvin. Ta av frå Fylkesveg 13 i Øvre Granvin mot Skjervsfossen og køyr ein kilometer og sving så av til høgre til Spildo. Køyr til høgre mot sandtaket. Traktorevegen Spildo- Dike er omlag fem kilometer lang. Det er bratt dei første to kilometerane, seinare moderat stigning. Vegen kan køyrast med 4-w hjuls dreven bil. Gangvegen frå Dike startar ved parkeringsplassen og går litt ned til høgre til gangbrua over Aunasetelva, og vidare innover myrane. Stien er merka, men somme stader kan han vera lite vegsynt anna enn på fast mark. Inn mot Odden er det og gangbru over elva/bekken frå Vaoeæ. Det er sett opp fleire merkepinnar langs ruta.

**GOD TUR!**